


Meir himmel på jorda

Årsrapport for TRUSOPPLÆRINGA

i Hesby, Sjernerøy og Talgje sokn

2021

LYS
VAKEN



STØRST AV ALT




KONF
IRM
AN
✱



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Finnøy

Trusopplæringa 2021



STØRST AV ALT

Også 2021 vart prega av pandemien og sosiale begrensningar. Nokre tiltak vart avlyst, nokre vart gjennomførde på alternative måtar og andre kunne heldigvis arrangerast tilnærma normalt.

Reidun Aabrekk Bråtveit har vikariert i stillinga som trusopplærar også dette året. Frå 1. desember 2021 er ho fast tilsett i stillinga. Trusopplærar har i år delteke på den digitale trusopplæringskonferansen. Dette gav inspirasjon og idèar til framtidig arbeid. Ho har òg delteke på samling for trusopplærarar i distriktet og delt erfaringar og fått nye impulsar der. Prestane Ola

Aasland Vold og Terje Engstrøm har hatt hovudansvaret for konfirmant-undervisninga. Brenda Marie Talgø Kolstadløyken har vore ansvarleg for babysong.

Trusopplæringsutvalet består av Marianne Mjøllhus (Sjernerøy sokn), Margunn Hovda (Talgje sokn), Kjetil Sevheim og Turid Angelskår Lauvsnes (Hesby sokn).

I tillegg til tiltaka som er skildra nedanfor, la vi òg ut to andakter ved trusopplærar på facebook-sida vår og på youtube. Desse har pr januar 2022 65 og 112 visningar. Vi publiserte desse i starten av året, då det var strenge smittevernstiltak. I mai gjorde prest Terje Engstrøm opptak av ei kort preike for born i høve Kristi himmelfartsdag. Det er òg lagt ut 3-4 andre digitale opptak med born i målgruppa.



Dåp

Dåp og dåpssamtalar fordelt på sokna dette året, er; Sjernerøy 2, Talgje 5 og Hesby 14.

Babysong



Talgje.

Brenda Marie Talgø Kolstadløyken har hatt babysong på biblioteket annankvar torsdag også dette året, når reglane for smittevern har tillate det. Oppmøtet har vore varierende med alt frå ingen til 8 babyar og småborn, men på det jamne har det vore 4-5 born pluss mødre. Repertoaret har vore songar og salmar med kristent innhald samt kjende barneviser og voggesongar. Når smittevernreglane har tillate det, har tiltaket avslutta med nistelunsj og drøys etterpå. Fordelinga på sokna, var slik: 8 frå Hesby og 2 frå

Bibeldagen

Hesby (Finnøy), Talgje og Halsnøy

På grunn av restriksjonar i smittevern og maksantall på 10 personar innandørs, inviterte vi i år alle elevane på femte trinn på sentralskulen til friluftsgudsteneste ved Lauvsnesvatnet på Finnøy. Etter gudstenesta fekk femteklassingane utdelt nytestamentet Godt Nytt, og dei fekk slå opp i dette for å finne løysingsord i eit rebusløp. 14 elevar kom på gudstenesta og mottok nytestamentet. Fire elevar kunne ikkje delta på gudstenesta, men fekk nytestamentet seinare. Til saman fekk 13 femteklassingar i Hesby sokn og 5 i Talgje sokn utdelt nytestamentet. Vêret og isen på vatnet heldt seg stabilt og fint i fleire veker, så det vart arrangert ei ekstra familiegudsteneste på vatnet dette året.



Jørstad (Ombo)

I høve Bibeldagen inviterte vi 3.-6.klassingane på Ombo til ei samling i kyrkja. Der hadde vi fokus på bønna Vår Far. Vi samtala om delane i bønna Jesus lærte oss, og etterpå fekk borna prøve seg i rebusløp med same tema. Dette var den same rebusen vi hadde på Lauvsnesvatnet, og borna fekk øve seg i å bruke Bibelen for å finne svaret. Borna måtte leite etter postane både inne i kyrkja og ute på kyrkjegarden. I forkant av samlinga, var prest og trusopplærar på skulebesøk. Der fekk dei eldste elevane sjå ulike bibelutgåver og dei vart betre kjende med korleis Bibelen er bygd opp. På oppvekstsenteret fekk vi óg dele ut Godt Nytt til 5. klasse. 12 born var inviterte til samlinga i kyrkja og 7 av desse kom.



Sjernarøy


I høve Bibeldagen var prest på skulebesøk på Sjernarøy Oppvekstsenter. Der delte han ut Godt Nytt til femteklassingane. Dei vart óg inviterte til Bibeldag-gudsteneste, og nokre av desse kom.

Fogn

Prest var på skulebesøk på oppvekstsenteret og fortalde om Bibelen. Femteklassingane fekk nytestamente og dei vart inviterte med i bibelgrupper i heimane.




Samling for 4- og 5-åringar i Hesby



Vi sende ut invitasjon til gudsteneste og samling i kyrkja til medlemmane i soknet, med oppmoding om å invitere med seg andre på same kull som ikkje er medlemmar. Vi hengde òg opp plakater i Utsyn Barnehage.

På samlinga i kyrkja fortalde trusopplærar om då Jesus stilla stormen. Vi song saman og borna fekk ein kort introduksjon om kyrkja og kyrkerommet. Utkledd prest kom innom og hadde drama som førebuing til søndagens tekst. På grunn av smittevern vart klistermerkebok og barnebibel delt ut ved utgangen etter samlinga. Dei som kun

deltok på gudstenesta, kunne ta med seg bok frå våpenhuset. Av same grunn vart heller ikkje borna inviterte med fram for å synge under gudstenesta, men vi øvde på nokre av gudstenestesongane på samlinga. Born frå søndagsskulen deltok med lesing av bønner under gudstenesta. Studentar deltok på drama i lag med prest. Av 4-åringane var 21 stk inviterte. 12 deltok på eitt eller begge arrangementa, både medlemmar og ikkje-medlemmar. 16 5-åringar var inviterte. 9 stk, medlemmar eller ikkje, kom på eitt eller begge arrangementa.






Påskevandring

Den tradisjonelle påskevandringa på Vignes vart også i år avlyst grunna restriksjonar i høve smittevern. Alternativt laga vi fire postar med laminerte plansjar som vi hengde opp ved kvar av kyrkjene samt ved bedehuset på Halsnøy. Her kunne det lesast om dei fire viktige dagane i påska, og borna kunne svare på spørsmål og sende inn svar til trusopplærar. Vi fekk inn 15 svar. Vi opplyste om mini-påskevandringa på facebook-sida vår. Frivillegsentralen la inn kyrkjene og påskevandringa som innsjekkingspunkt i treningsappen slik at dei som var innom kunne registrere seg i appen og få poeng. Tilbakemelding frå Frivillegsentralen

viser 130 registrerte besøk i appen, over halvparten i Talgje kyrkje. Det rapporterast òg om aktivitet ved kyrkjene kvar gong tilsette i kyrkja var innom.

Det var planlagt påskevandring med Talgje barnehage, men denne vart litt amputert grunna nye, strengare reglar innan smittevern. Trusopplærar var til stades, men måtte halde god avstand. Tilsette i barnehagen las plansjane og viste borna dei ulike postane.

I høve påske, la vi også ut ei lenkje til ein nettbasert aktivitet for større born eller heile familien på facebook-sida vår.



Pinsevandring



Torsdag før pinse arrangerte vi pinsevandring for 4. og 5. trinn i sokna. Tiltaket er retta mot 4. trinn, men sidan pinsevandringa vart avlyst i fjor, valde vi å invitere 5. trinn óg. Til saman melde 45 born seg på arrangementet. Vi var saman på Halsnøy, som for anledninga var gjort om til Galilea, heile ettermiddagen. Dramastykke på ulike postar tok oss med inn i hendingane som skjedde etter påske og fram til pinse. Dei som ville, fekk

med seg Teikneseriebibelen heim. 7 born frå Sjernarøy sokn deltok, 10 frå Talgje og 28 frå Hesby. Vi fekk god hjelp av frivillege på Halsnøy. Av tilsette var to prestar, trusopplærar og dagleg leiar med på tiltaket.



Roturen

12 elevar på 7. trinn melde seg på til roturen i år, 9 frå Hesby og 3 frå Talgje sokn. Roturen er eit samarbeid med frivillege og organisasjonen Færingsongarane. Deltakarane betaler 50,- i kontingent til organisasjonen. Vi får då frifondmiddel til turen. Undervegs på roturen syng vi songar og salmar som vi nyttar i gudstenesta. Også i år vart det dagstur. Tidlegare år har

turen vart frå laurdag til søndag med start på Talgje og overnatting på Emmaus før avslutning med gudsteneste på Sjernarøy. I år, som i fjor, rodde vi frå Nord-Hidle til Eik. Vi gjekk i land på ein holme der vi grilla og hadde andakt. Etterpå rodde vi til Eik og gjorde ulike aktivitetar og svarte på spørsmål i ei aktivitetsløype på veg til kyrkja. Vi avslutta med gudsteneste i Sjernarøy kyrkje. Denne var open for alle. Det var òg samtalegudsteneste med konfirmantane denne søndagen. I tillegg til trusopplærar og prest, var Terjer Hidle, Johanna W Hidle og Endre Vastveit med som frivillege på turen.



Hausttakkefest

Fogn



Sidan hausttakkefesten på Fogn var tidleg i år, valde vi å kalle gudstenesta ei familiegudsteneste. Alle born på Fogn mellom 1 år og fram til og med 4. klasse var inviterte til gudstenesta, og det var utdeling av bok eller smikke. 1-5åringane vart inviterte til ei samling måndagen før gudstenesta. Dette var óg den første samlinga for Hobby og Tru dette året. Fire born kom. Her fekk borna høyre forteljinga om då Jesus stilla stormen. Etterpå fekk dei teikne og fargelegge frå forteljinga. Vi

song nokre av songane vi skulle synge på gudstenesta, og til slutt leika vi at eit tøystrykke var sjøen og ein ball var båten, medan vi song «Når det stormer».

På søndag fekk 1-3-åringane utdelt ei smikke med bordvers, 4-åringane fekk barnebibelen «Mine bibelfortellinger» og 5-åringane fekk ei bok med klistremerke. Det er ingen førsteklassingar på Fogn i år, men 2.-4.klassingane fekk óg ei klistremerke-/aktivitetsbok. Tre 1-3-åringar kom, to 4-åringar, ein 5-åring og seks 2.-4.klassingar.



Halsnøy



På Halsnøy inviterte vi 1-5-åringane til samling på bedehuset. Også her hadde trusopplærar med flanellografen og fortalde om då Jesus stilla stormen. Vi song saman, og borna fekk teikne og fargelegge til forteljinga. Alle born til og med 4. klasse var inviterte til gudsteneste på søndag. Til saman møtte 8 born. Borna fekk utdelt smikke og bøker.



Jørstad



Vi inviterte alle born 1 år-7.klasse på Ombo til samling onsdagen før gudstenesta. Dette var óg første øvinga med koret Barneglede. Trusopplærar hadde andakt. Det kom seks born til samlinga. På gudstenesta kom óg barn i den aktuelle målgruppa og mottok bok frå kyrkjelyden.

I forkant av hausttakkefesten, var prest på skulebesøk på oppvekstsenteret.



Hesby



I forkant av gudstenesta, inviterte vi 2- åringar (medlemmar) til ei samling i kyrkja. Det var to som kom. Vi song saman, og trusopplærar fortalde om den bortkomne sonen, og borna fekk utforske kyrkjerommet. Dei fekk utdelt boka om den bortkomne sauken på samlinga, eller under hausttakkefesten på søndag.

På gudstenesta på søndag møtte fire 2-åringar. Førsteklassingane var óg inviterte, og av desse kom

9. Dei fekk utdelt boka Tre i eit tre. Born frå søndagsskulen deltok med drama, lesing av bøner og song. Til saman fekk sju 2-åringar og 11 1.-klassingar utdelt bok. I veka før hausttakkefesten, var prest på skulebesøk på sentralskulen.

Talgje



Alle medlemmar 1-5 år og alle medlemmar og elevar 1.-4. trinn på Sentralskulen vart inviterte til hausttakke-gudstenesta. Laurdagen før var det samling i kyrkja. Her song vi saman, snakka om kyrkja og preiketeksten og pynta kyrkja til festgudsteneste. Etterpå vart det servert pizzasnurrar og saft. Kantor øvde med nokre av skuleborna, og dei song på gudstenesta.

7 born frå 1 til 5 år deltok på tiltaket, to førsteklassingar og 5 2.-4. klassingar.

Sjernerøy



På samlinga møtte kun eitt barn, men på gudstenesta fekk 13 born i alderen 0-9 år utdelt bok og smikke. Konfirmantane deltok med drama og tekstlesing på gudstenesta.

Prest var på skulebesøk på oppvekstsenteret før gudstenesta.



Tårnagent



Årets tårnagenthelg vart i år gjennomført 23. og 24. oktober i Hesby kyrkje. I tillegg til alle tredjeklassingar i sokna, valde vi óg å invitere fjerdeklasingane på oppvekstsentra. Dette fordi ingen av dei vart med i fjor. På samlinga laurdag, kom det tilsaman ni born; sju frå Hesby sokn og to frå Sjernerøy. På gudstenesta på søndag møtte sju born frå Hesby sokn.

På samlinga på laurdag fekk tårnagentane ulike oppdrag dei skulle utføre og oppgåver dei skulle løyse. Vi rulla óg ut tidslinja og snakka om ulike forteljingar i Bibelen. Nokre av borna kjende forteljingane frå før, og vi fekk ein god prat rundt dette. Dei fekk med seg tårnagentavisa og ein buff heim.

På gudstenesta deltok

tårnagentane med drama til preiketeksten om den miskunnsame samaritan, og dei las bøner. Dei gjekk óg inn i prosesjon saman med prest og trusopplærar.



Lys Vaken



Som tidlegare år, vart det Lys Vaken i Fogn kyrkje første helga i advent. 26 sjetteklassingar frå alle sokna overnatta; 6 frå Talgje, 5 frå Sjernarøy og 15 frå Hesby. I tillegg til andakt og førebuing til gudstenesta, vart det tur til ballbingen på skulen, leik ute og ulike aktivitetar inne.

På søndag deltok vi på lysmesse saman med konfirmantane. Vi fekk god hjelp av frivillege til nattevakt og praktisk arbeid.



Julevandring


Det vart julevandring med born frå Hesby, Utsyn og Talgje barnehage dette året. Til saman deltok ca 40 born, fordelt på tre arrangement og to kyrkjer.

Trusopplærar introduserte dei ulike karakterane i juleevangeliet, og borna kunne kle seg ut om dei ville. Vi brukte heile kyrkjerommet og gjekk frå Nasaret i våpenhuset mot Betlehem ved altaret. Vi tende lys og song julesongar.



Julegudsteneste

På grunn av smittesituasjonen vart det kun julegudsteneste på Fogn i år; ei for barnehageborna og ei for skuleelevane. Juleevangeliet vart lese, og borna fekk ulike roller og dramatiserte undervegs. Vi song julesongar saman, og TøffOGNådig framførte eit par songar.



Ungdomsalpha

Dette er eit Alphakurs for 10.klassingane. Tiltaket gjennomførast vanlegvis i samarbeid med Normisjon og drivast i prinsippet av frivillege. Ungdommane samlast til 10 kveldar med undervisning på Emmaus og ein weekend. På grunn av dei dåverande gjeldande restriksjonar i smittevern, vart dessverre Ungdomsalpha avlyst dette året. Vi håper å kunne gjennomføre neste år, då óg med ungdommane som melde seg på dette året.

Bibel og Ball

Det vart heller ikkje Bibel og Ball dette året.

Konfirmasjon



Konfirmantar Fogn. Foto: Øyposten

Det var 24 konfirmantar dette året; 3 i Sjernarøy sokn, 11 i Talgje og 10 i Hesby. Mange av dei faste aktivitetane, inkludert weekend, vart avlyste. Konfirmantane fekk likevel undervisning i dei periodane som tillèt det. Konfirmasjonsgudstenestene vart utsette frå vårhalvåret til august/september.

Nytt av året, er at vi var med til Jærgårds på Klepp. Dette er ein festival for konfirmantar og andre ungdommar, med konsertar, vitnesbyrd og lovsong. Her fekk ungdommane eit møte med festivallivet, dei fekk høyre på og delta i lovsong og dei fekk høyre

vitnesbyrd frå både norske kristne og kristne frå andre land. Vi inviterte både «på- og avtroppande» konfirmantar, altså både 8. og 9. trinn. Dagleg leiar og frivillege vaksne reiste kollektivt saman med 22 ungdommar til Klepp; 8 frå Talgje, 4 frå Sjernarøy og 10 frå Hesby sokn. Til returen leigde vi minibuss. I tillegg kom ein forelder og henta med bil slik at det vart plass til alle.



Konfirmantar Hesby. Foto: Øyposten

Open Hall



På grunn av dei dåverande reglane for smittevern, måtte vi avlyse Open Hall fem gongar på våren. Open Hall vart arrangert tre gongar, men då kun for eitt eller to klassetrinn. I haust-halvåret kunne vi gjennomføre alle planlagde arrangement for alle klassetrinn, til saman 8 gongar. Mellom 40 og 50 ungdomar har komt kvar gong.

Jostein Østhus, Brit Idsøe, Tor Øyvind Skeiseid og trusopplærar har bytta på å ha ansvaret. I tillegg har 3-5 foreldre/føresette hjelpt til kvar gong. Fleire

andaktshaldarar har vore innom.